



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

# Helgedagen

NR. 3 - juni 2020 52. årg.



## KORONA

Kreative kyrkjetilsette finn løysingar - s. 6



Morondava

side 4



Yngvar Nilsen

side 10



Krig og fred

side 12



Endeleg gudsteneste att! side 14

## Bryne - Time - Undheim sokn

### Kyrkjekontoret

tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

Inngang frå Saronsbrotet

heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

Prost: Kjell Børge Tjemslund tlf. 416 38 048

Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222

Diakon: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919

Sekretær: Inger-Kathrine Kjølleberg tlf. 51 77 03 77

Assisterande kyrkjevejer: Siri Vik tlf. 906 43 758

Kyrkjevejer: Gunnar Bjorland Stone tlf. 962 32 582

Prosjektleiar Ung i Time: Asle Steinbru tlf. 979 79 771

### Time

Sokneprest vikar Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874

Musikalisk leiar: Frode Skårlund tlf. 489 97 102

Trusopplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872

Kyrkjetenar helg: John Ingve Olsen tlf. 481 56 048

Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545

Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårlund tlf. 990 26 276

Klokkar: Øivind Njølstad Egeland

Kyrkjetenar ved gravferd: Ane Rosland Reime tlf. 51 48 32 84

Time kyrkjegard

### Bryne

Heimeside <http://www.brynekyrkja.no>

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Trusopplærar Kristine Åsbø tlf. 922 67 251

Vikar Mari Ask Helland

Barne- og ungdomsarbeidar Marion Lende (permisjon)

Vikar Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039

Administrasjonleiar:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77

Dagleg leiar / kyrkjelydsutviklar

Jostein Aa. Tollaksen tlf. 909 88 880

Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793

Kyrkjetenar helg: Arne Espvik

Kyrkjetenar helg: Karin Sofie E. Olsen tlf. 467 98 464

### Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

### Undheim

Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>

Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 467 94 518

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark tlf. 996 26 157

Dagleg leiar: Frode Skårlund tlf. 489 97 102

Besøk vår nettside:

**[www.time-kyrkja.no](http://www.time-kyrkja.no)**

E-post sokneråda:

Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no

Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no

Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no

Framside: - Foto: JosteinTollaksen

## Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug,

Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad og Bjørn Håland.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til [helgedagen@gmail.com](mailto:helgedagen@gmail.com) innan 24. august 2020.

Neste nr. kjem ut ca. 24. september 2020.

# Til ettertanke

## Frå sorg til glede

Dette året er det påsketid-vandring på Time kyrkjegard – og på fleire. I påsketida – frå påske til pinse – står 14 stasjonar du kan vandra til. Frå den gamle kyrkjegarden, over på den ferske nye, og tilbake. Vandringa med påske sine håpktekstar oppsto i Italia i 1988 under namnet VIA LUCIS – LYSVEGEN og har spreidd seg utover i verda.

Eg gjekk runden i påska.

Det var sterkt! Magne V. Kristiansen sine gode illustrasjonar. Bibeltekstar frå påskemorgon og dagane etter. Kvinner i sorg. Tom grav. Forvirra disiplar. Undrande. Etter kvart forandra. Stadig nye forteljingar om den oppstandne som møtte dei. Med fred. Med oppdrag.

Desse 14 stasjonane prenta stillferdig inn dei massive spora og avtrykka av Jesus si oppstode i Det nye Testamente. Plassert på kyrkjegarden vart dei gripande uttrykk for det kristne håpet, for kjærleiken som er sterkare enn døden, for håp om evig liv. Omkransa av gamle graver og nysådd kyrkjebakke står lysvegen og vitnar. Om Jesus som går med oss i livet og tek imot oss i døden.

Midt i sundagane i påsketida kjem eit ord frå Jesus sjølv om sorg og glede og håp. Sagt dagen før han dør. Forsterka av det som skjedde etterpå og av dei 14 plansjane på kyrkjegarden. Ordet er til alle oss som ber på ei sorg og lurer på om noko i livet, eller livet i verda, kan bli bra igjen.

No er de fylte av sorg, men eg skal sjå dykk att, og hjartet dykker skal fyllast med glede, og den gleda skal ingen ta frå dykk."



**Stein Ødegård - Lysvegen**

Den djupaste gleda kjem visst om me veit og kjenner dette: At uansett kva som skjer, så er eg sett av Jesus. Ingen kan ta gleda frå dei som veit at Jesus ser dei.

Han ser og forstår noko i meg som ingen andre gjer slik som han. Han ser og forstår når eg er liten og redd, når andre sårar meg og eg dei. Når livet er einsamt og eg er redd for å vera åleine. Når eg sørger og har det vondt. Når eg er plaga og prega under ein pandemi. Når eg spør om framtid.

Lysvegen i livet: Eg er sett av Jesus. Glede i hjarta, håp i sorg, fred i uro. Lysvegen går på løftet frå Jesus. Den oppstandne som alltid kjem frå framtida:

- Eg skal sjå dykk att, og hjartet dykker skal fyllast med glede, og den gleda skal ingen ta frå dykk.

# Min salme

## Fylt av glede over livets under

*Fylt av glede over livets under,  
med et nyfødt barn i våre hender,  
kommer vi til deg som gav oss livet  
kommer vi til deg som gav oss livet*

*Fylt av beven foran ukjent fremtid  
legger vi vårt barn i dine hender.  
Det som skjer i dåpen, gir oss trygghet.  
Det som skjer i dåpen, gir oss trygghet.*

*Fylt av undring er vi i din nærhet!  
Du som bærer verdensrommets dybder,  
venter på de små og tar imot oss.  
venter på de små og tar imot oss.*

*Ved ditt verk, ved Kjærlighetens vilje,  
er vi født på ny til liv i Kristus,  
til et åpent liv i tro og tillit.  
til et åpent liv i tro og tillit.*

*Og ved tidens grense lever fortsatt  
dine løftes-ord ved døpefonten,  
dåpens lys forblir når livet slukner.  
dåpens lys forblir når livet slukner.*

*Større rikdom enn hva ord kan romme,  
har du gitt oss gjennom dåpens gave.  
Herre, la vår tro bli fylt av glede!  
Herre, la vår tro bli fylt av glede!*

Tekst: Svein Ellingsen

Melodi: Egil Hovland

... Det måtte berre bli denne salmen som Svein Ellingsen har dikta. Salmen har eit fantastisk innhald og tonefølgjet passar ypperleg.

Anne-Lise Øyre Egeland



Eg er oppvaksen inst i Åkrafjorden – på Fjæra. Der gjekk eg på folkeskulen i 7 år. Me hadde ein gammal lærar – Andreas – som lærte oss mykje. Spesielt var han glad i kristne songar som han iherdig delte med oss. Dette trur eg føregjekk i mest kvar ein time. Han var flink både til å syngja og traktera trøorgelet sitt.

Songane/salmane har alltid vore med meg – både som barn, ungdom og som voksen. Eg har fått lov til å vera med i fleire kor – det gjev meg stor glede. Me blir aldri for gamle til å læra nye songar!

Så var det Min Salme:

Fylt av glede over livets under, med et nyfødt barn i våre hender..

Det måtte berre bli denne salmen som Svein Ellingsen har dikta. Salmen har eit fantastisk innhald og tonefølgjet passar ypperleg.

Me er så heldige at me har mange barneborn. Fleire av dei fekk høyra denne salmen i dåpen. Og viss dei ikkje fekk høyra han der, fekk eg lov å lesa han i selskapet etterpå.

... kommer vi til deg som gav oss livet,

... Det som skjer i dåpen gir oss trygghet.

Noko betre kan me ikkje gje dei små og heller ikkje oss vaksne!

## Vegen tilbake til Gud

*"For så elskar Gud verda at han  
gav Sonen sin, den einborne,  
så kvar den som trur på han,  
ikkje skal gå fortapt, men ha  
evig liv!" Joh. 3,16*

**Bøn:** Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn.

Amen

# MORONDAVA

## Trufaste kvinner med hjarte for misjon



*Bilete er teke i 2010. Grunna smittefare har ein ikkje fått teke nytt biletet.  
Framme frå venstre: Anne Brit Holte, Liv Lye, Evi Lygren, Brit Frøyland Pål  
armlena: Guri Bergsaker Stokkeland, Laila Røiseland Bak: Anne Karin Lending,  
Torunn Mæland, Liv Ingunn Serigstad, Astrid Rosland, Oddveig Lima. To med-  
lemmer var ikkje med på biletet.  
I løpet av dei siste ti åra har Britt Hetland gått bort, to har slutta og ein ny  
medlem kome til.*

**Jentelaget og seinare Morondava kvinneforening har vore ein viktig møteplass for kvinner i 60 år. Tenåringsjentene som starta opp, er no blitt godt vaksne damer. Dei vart servert "Kakao og velstelt mat" på første møte 9. mars 1960. Damene blir no trakterte med kaffi, te, rundstykke og kake. To av dei som var med i starten er framleis medlemmer.**

TEKST: REIDUN JANE HESKESTAD

### Vaksne som tok ansvar

"Det var lite å vera med på for denne aldersgruppa, og eg ville hjelpe dei i gang og kokte kakao," sa Aslaug Aase, som no er borte, i eit intervju for 10 år sidan. Ho sådde tanken om eit jentelag. Aslaug Aase var sjølv med i forening tilknytta NMS, så det var naturleg at jentelaget òg vart eit NMS-lag.

Det var vaksenleiarar i jentelaget, men jentene tok mykje ansvar sjølve. To av medlemmene frå starten, Astrid og Herborg Kjøllesdal, hadde trødd sine barnesko på mjsjonsstasjonen Morondava på vestkysten av Madagaskar. Foreningen fekk difor det velklingande gassiske namnet.

Både jentelaget og kvinneforeningen Morondava har vore flinke til å dokumentera møta sine - sirleg handskrivne referat frå farne år er interessant lesnad.

### Misjonsengasjement som smittar

På slutten av 70-talet og starten av 80-talet var det periodar med opptil tjue damer i foreningen. Då vart det naturleg knoppskyting. Medlemmar frå Morondava starta Shalom kvinneforening i 1977. Tu Kvinneforening har også sitt utspring frå Morondava.

I dei siste åra har talet på medlemmer i foreningen vore stabilt. I jubileumsåret 2020 er medlemstalet elleve.

### Nettverk med same mål

-Eg budde vekke i 6 år. Då me flytta tilbake, var det sjølv sagt at eg skulle byrja i foreningen igjen, fortel ei engasjert Evi Lygren som har vore medlem i alle år utanom då ho budde borte.

Kvinnene i Morondava Kvinneforening vart intervjua for ti år sidan, og fleire av dei sa at som nyinnflytta til Bryne var det flott å verta inkluderte i eit fellesskap, der dei delte same interesser. Dei arbeidde mot eit felles mål - pengar til misjonen. I tillegg til å vera ei misjonsforening,



# FRÅ KYRKJEVERJA SIN PULT

TEKST: GUNNAR BJORLAND STONE

Ikkje lenge etter siste nummer av Helgedagen vart lagt i postkassane til Timebuen, slo Korona-situasjonen innover verda og landet og snudde opp ned på dagleglivet for oss alle. Planar og arrangement har blitt avlyste over ein lav sko, og saman med resten av samfunnet har me på kyrkjekontoret blitt nødt til å lære oss heilt nye ting, som Peter då han hoppa ut av båten på djupt vatn i håp om at han òg kunne gå på vatnet.

Denne omveltinga har to sider. På den eine sida har me på kort tid lært oss ting som kjem til å endre måten me arbeider og kommuniserer på. Dyktige og løysingsorienterte tilsette har produsert digitale gudstenester, barneprogram og konserter, og mange har fått møte med Gud på heilt nye måtar. Dette er fantastisk, og noko me skal bygge vidare på!

På den andre sida er noko av det mest fundamentalt viktige i både vår menneskelegdom og kristentru blitt utfordra, nemleg fellesskapet. Me er skapte for fellesskap,



og i eit samfunn der ensomhet allereie er eit stort problem, har denne tida vore ekstra utfordrande for mange. Her har me som kyrkje, som familie, eit oppdrag me skal halde høgt, og finne gode løysingar for å skape fellesskap sjølv i ei tid som denne.

Difor er det spesielt gledeleg i desse dagar å arbeide med gjenopning av kyrkjene, slik at me igjen kan invitere til fellesskap, gudstenester, nattverd, barnesamlingar og ungdomstreff.

Tida me lever i kan fort tvinge oss ut av båten, på godt og på vondt. Og nokre gonger kan me til og med føle at me er i ferd med å gå på vatnet. Men det skal ikkje blåse mykje før fokuset vårt blir dradd til alt som stormar rundt oss, og me blir redde og byrjar å søkke. Det har denne tida lært meg. Og då vert Peter sine ord og Jesus sin respons desto sterkare: «...han ropa 'Herre, berg meg!' Med det same rette Jesus ut handa og greip han...»

har det også vakse fram tette vennskap. Kvinnene har vore medvandrarar i mange år - delt gleder og sorger, vore til hjelp og inspirasjon for kvarandre.

## Møteplassen

Guds ord og misjonsinformasjon har alltid hatt stor plass på møta. Ewy fortel og at dei brukar bønemne frå Misjons-tidende.

- Bøn for misjonsarbeidet er viktig for oss, seier Ewy.

Referata viser at desse kvinnene har vore trufaste forbedarar for mange misjonærar.

NMS sine samtalehefte har i fleire år vore utgangspunkt for gode samtalar.

Den sosiale delen med mat og prat har likevel aldri blitt forsømt. Morondava er skikkeleg organisert med - formann, sekretær og kasserar. Det er òg god struktur på foreningskveldane med leiing som går på omgang. Dei møtest ein gong i månaden. Foreningen har i løpet av åra hatt eigne arrangement: basarar og misjonskveldar, men òg teke ansvar for andre arrangement i regi av NMS. Hyttetur har òg stått på programmet.

-Etter å ha samlast i foreningen over så mange år, er me

trygge på kvarandre. I vår alder er det fleire av oss som har hatt vanskelege dagar med sjukdom. Då er det godt å veta at ein vert tatt med i bønn, ja, både i foreningen og elles, seier Ewy.

- Etter innsamling av kollektien syng me "Velsignelses-sangen". Alle er enige i at det er ein fin måte å avslutta kvelden på, seier Ewy til slutt.

Morondava hadde planlagt jubileumsfeiring på Himmel og Hav saman med mange misjonskvinner i juni, men koronapandemien sette ein stoppar for det. Misjonskvinnene har framleis eit håp om å treffast ute ein gong i juni. Me håpar dei lukkast med det!



# KORONA

## Kreative kyrkjetilsette finn løysingar

**Som elles i samfunnet, har kyrkja òg fått ein heilt annan kvardag på grunn av Korona-tiltak frå øvste hald. Mange arrangement for born, vaksne og eldre har blitt avlyste. Samfunnet har i stor grad vore stengt, men i dei mange heimekontora hjå kyrkjetilsette har kreativiteten verkeleg fått arbeida. Dei tilsette i kyrkja har prøvd seg på ting dei aldri har gjort før, og alt dette gjer dei for å møta folk i Time kommune med bodskapen om at Jesus er nær og bryr seg om den enkelte. Her kan de sjå nokre glimt frå kyrkja dei siste vekene.**

TEKST OG FOTO: ANNA BIRGITTA SKÅRLAND

### Digitale samlingar i Bryne kyrkje



Foto: JosteinTollaksen

Då koronakrisa sette inn og det ikkje lenger vart mogleg med vanleg gudsteneste, valde Brynekirka å gå for ei løysing med digitale musikkandaktar, filma og produsert gjennom veka og lagt ut kvar helg. I påsken la me ut nye sendingar kvar dag frå palmesundag til 2. påskedag. Så langt har me produsert 6 HelgeGodtNytt og 9 PåskeGodtNytt med totalt ca. 10.000 visingar og nærmare 600 faste følgjarar på Facebook. Me gler oss til å koma tilbake til vanlege gudstenester og fellesskapet med kvarandre.

### Solstolpresten på Undheim

På Undheim har soknepresten hatt sitt «heimekontor» i kyrkja tre dagar i veka. Kyrkja har vore open for lystenning, stille og ein prat med presten. Ho har ikkje vore åleine i kyrkja ein einaste dag.

Sokneprest May Brit fortel: «I det fine været i påskeveka sette eg meg i solstolen utanfor kyrkja for å eta lunsj og lesa litt. Det vart ikkje mykje lesing den dagen. For då folk oppdaga presten i solkroken, kom dei oppom for ein prat. Så no går eg under namnet solstolpresten».

### Bønn og samtaler

Diakonen, som var i full sving med å førebu vårfest, andaktar

og gudstenester for søndagstrekk-jengen, har òg vore nøydd til å snu seg rundt og endra på planane. Ho har nyttat seg mykje av sosiale media og telefonen for å halda kontakt med mange ulike menneske, og alle ho har vore i kontakt med, har gitt uttrykk for at dei sette pris på kontakt. Mange har vore redde for å bli smitta, og mange har bede om forbønn. Kvar onsdag framover vil diakonen vera i Brynekirka mellom kl. 11.00 og 12.30 for å be over bøneemne som er komne inn. Det er godt å kunne leggja vår bekymring fram for Herren, vår Gud, Han som har skapt verda og alt som er i ho.



Foto: Gunnar Bjorland

### Open Kyrkje

Rett før påske blei det opna opp for at kyrkjene kunne vera opne for lystenning og personleg bøn og ettertanke. Brynekirka ønskjer å vere «Den opne famns kyrkje», også i krisetider. Med dette i tankane, opna vi opp kyrkja begge laurdagane i påskeveka, samt kvar onsdag og sundag i tida etterpå. Dette held vi på med fram til regjeringa opna opp igjen for høve til gudstenesteliv og aktivitetar.



Foto: Hjalmar Arnø



Det har vore godt å vere i kyrkja i denne tida, med musikk, tende lys og ei kjensle av at Gud er oss nær. Fleire har funne vegen hit, både vaksne og born, åleine eller saman med ein tur-ven. Anten for å tenne eit lys ein augneblink, eller for å sitja ei stund i benkene inne i kyrkjerommet. Det er godt å få kjenna saman på at kyrkja betyr mykje for mange av oss, og at kyrkja ikkje er stengd, men open.

## Babysong og barnegospel



Foto: Bo Mathisen

Noko av det som har vore svært vellukka, overraskande nok, er å bruke digitale plattformer til live-møte. Me har mellom anna klart å oppretthalda babysong på Lye ved å bruka Messenger, der me har samling kvar onsdag kl. 12.30. Det har vore så kjekt å få møta born og foreldre på denne måten, sjølv om det var noko uvant i starten. Me har ikkje vore så veldig mange på samlingane, men det har vore gode møte og fine avbrekk i kvardagen. Det er mogleg for fleire å vere med på dette tilbodet.

Ei anna gruppa me òg har lukkast å halde kontakten med, er Lye barnegospel Tweens. Det er dei eldste som går i Lye barnegospel. Me har hatt samlingar på Zoom. Då har me hatt leikar, konkurransar, me har øvd på songar og delt bibelforteljingar. Det å kjenna at me høyrer saman som ei gruppe er veldig fint, og desse digitale verktøya gjer at det framleis er mogleg å få til, sjølv om me heilt klart gler oss til å ha vanlege korøvingar etter kvart.

Me har og laga ei «korøving» for heile barnegospel, der me fekk med eit par av deltararane til å vere forsongarar, og spelte inn ei «øving» der me song gjennom fleire av songane me kan.

Det er imponerande å sjå korleis borna taklar endringane og kor raskt dei tar til seg nye måtar å gjera ting på. Det har vore godt å kjenna at me kan nå dei og halda kontakten også i denne tida.

## Godt nytt for born

Me ønskjer fortsatt å vera til stades for born og unge, sjølv når me ikkje har dei vante treffpunkt. No blir trusoplæringa formidla gjennom digitale plattformer. Me har blant anna Godt nytt for born der me jamnleg legg ut små samlingar på facebooksidene våre og på youtubekanalen vår («Den norske



Foto: Kristin Åsebø

kyrkja i Time» sin kanal): [https://www.youtube.com/channel/UCDMHOBQH1C2u\\_4yNdj8ZRCA](https://www.youtube.com/channel/UCDMHOBQH1C2u_4yNdj8ZRCA) Det kan vera eit tips å abonnera på denne kanalen, så vert de oppdaterte når det vert lagt ut noko der. Her har me forteljingar frå bibelen, lyttenning, songar, bøn og ulike oppgåver som ungane kan vera med på. Me set stor pris på dykk som sender oss teikningar, er med i konkurransar eller har sendt oss bilet av aktivitetane de har prøvd ut. Me vil halda fram med Godt nytt for born fram til me kan møtast i kyrkjene att.

## Varden ungdomsarbeid

Varden på Lye har verkeleg vore til stades for ungdommane på ein annleis måte i denne perioden. Nesten kvar fredag har dei gjort ulike ting i lag. Alt frå å baka i lag (då med oppskrift sendt ut i førevegen) til konkurransar, pusling og dataspeiling. Ein av kveldane vart Lye forsamlingshus bygd på Minecraft.



Foto: Lye forsamlingshus henta frå Minecraft

Gå inn og sjå alle detaljane dei har fått med seg på lyeforsamlingshus.no. Uansett aktivitet, har alle samla seg om andakten i 21-tida som har gitt dei noko å tenkja på. Ein kreativ og flott gjeng som nok gler seg meir enn dei fleste til å få koma i lag på skikkelig vis.

Sjølv om me som kyrkje har gjort mykje og lært mange nye ting gjennom denne perioden, saknar me å kunna møta born og vaksne andlet til andlet. Me gler oss stort til å koma i gang med vanlege samlingar igjen!

# MISJONÆRMINNE – OG VIDARE

**Påskebodskapen gjennom barnefantasi og skapglede. Det vakre tittelbladet på Helgedagen, som kom til påske, lyste mot meg. Inne i bladet las eg også informasjonen om tilbod til barn og unge under overskrifta: TRUSOPPLÆRING I KYRKJELYDANE. Assosiasjonar og minne frå eit langt misjonærliv i Kamerun, Vest-Afrika, tok styringa.**

TEKST: ELSE-MARIE BUE

I dag sviv tankane i alle retningar når eg igjen sit med bladet i hendene. Først: Det meste av det som er omtala og invitert til i Helgedagen nr. 2 2020 måtte avlysast. Kyrkjene stengde, verken barn eller vaksne har kunna møtast. Konfirmantlistene for alle tre kyrkjene er på vent. Me sit i stovene våre, og nyheter på alle kanalar handlar om pandemien. Brått og uventa er verda og livet annleis - snudd.

Kyrkja snudde seg også fort og vart digital. Gudstenester, helsingar, musikk, salmesong og program for born fekk me heim, mens benkeradene var tome. På facebook 1. påskedag fylgde eg sokneprest Stein Ødegård si vandring frå alteret i Brynekyrkja og opp alle trinn og avsatsar til topps i kyrkjetårnet. Vinden tok i prestekjolen då han løfta hendene og lyste Guds velsigning over Brynebyen, ein einaste bil i gata nedanfor og alle oss andre. Utsynet var stort og vidt. Så lydde tonane: **Deg være ære, Herre over dødens makt**, frå Henrik Helgeland sin trompet.

I denne digitale kyrkjekvarden må me tenkja på dei tusen eller millionar av menneske som har skjerm og radio som einaste val for å høyra Guds ord. Kristne Radio- og TV stasjonar når inn i alle kriker og krokar, også der Bibelen er svartelista. Utsiktene til endring er heller ikkje store for dei.

**Livet vert aldri det same etter dette, vert me minna om dagleg.** Det vert kanskje ein annan normal. Me vert gjerne litt meir takksame og omsorgsfulle. Takk nemlege for det enkle og vanlege, takknemlege for opne kyrkjedører, for alle tilboda til barn og unge som eg nemnde først her. Får me også meir omsorg og tanke for kvarandre **og andre, framande?**

Då eg gledde meg over dette innholdsrike sistenummeret av Helgedagen før pandemien, gjekk tankane til misjonærlivet vårt i Kamerun, avslutta for 41 år sidan. Samanlikna med det kristne arbeidet i Time og Norge, vart dette eit tankespinn og ei vandring på aide vidder. Der var møte og gudstenester for alle generasjonar. For barn og unge var det viktigaste alltid at dei fekk gå på skule. I kyrkja var lite tilpassa og organisert for dei, bortsett frå søndagsskule om einkvan kunne ta seg av det. Så var det dåpklassar for dei som ynskte å bli døypte. Elles var alle

aldrar trufast med der noko skjedde. Dei minste kom til kyrkjasovande på mor sin rygg.



**Gospel Singers Foto: Erik Sandvik**

**Afrika er kjent for trommer, takt og tonar.** Borna dansar frå dei kan føta seg. Når songbøker var mangelvare, kunne bibelvers lærast og syngjast til heimelaga melodiar. Det starta gjerne med lys frå parafinlykt og bål under ein stjerneklaar tropheimmel. Mitt gode minne frå misjonærlivet i dag er verset som fekk ei ekstra historie. For 50 år sidan starta eit kor ved Misjonsskapet sitt Collège i Ngaoundéré - Gospel Singers. Dei syng framleis, og me finn dei på You Tube, også med jubiléumskonsert. Eg hugsar kor stort, ja rørande, det var å sjå den store ungdomsflokken stå fram og frimodig syngja **Rom. 1.16, - Eg skjemmest ikkje ved evangeliet, det er ei kraft i frå Gud. Til frelse for kvar den som trur.** Etterkvart vart dette refrenget ein del av liturgien for frankspråklege gudstenester i den Evangelisk lutherske kyrkja. Om nokon har lyst å syngja med, får de melodilinja her. Lukke til!

## Eg skjemmest ikkje ved evangeliet

G                    G7                    C                    G                    D7

G                    G7                    C                    G                    D7

Gud.              Eg                    skjem - mest      ik - kje ved      e - van - ge - li - et      det      er      ei      kraft      i      frå

G                    G7                    C                    G                    D                    A7

Gud.              Til      frel - se      for      kvar      den      som      trur.      Til      frel - se      for      kvar      den      som

D                    G                    G7                    C                    G                    D7                    G

trur.              Eg                    skjem - mest      ik - kje ved      e - van - ge - li - et      det      er      ei      kraft      i      frå      Gud.



Etter tsunamien i Sør-Aust Asia, romjula 2004, forma Vidar Kristensen ei bøn som me finn i Bøneboka. Over-skrifta er – Ved ulukke og krise. Nå er heile verda ramma av krise. Deler av denne bøna er derfor vår bøn sommar og haust 2020.

Else-Marie Bue

Bøn nr. 145 (Bøneboka bak i Norsk salmebok) (utdrag):

### NATURKATASTROFE

For alle som har mistet noen som sto dem nær, tenner vi et lys  
og ber om at de må få oppleve omsorg i smerten.

For alle barn som lever i angst for dagen som kommer,  
tenner vi et lys  
og ber om at de må få håp for framtiden.

For alle som hjelper ....  
tenner vi et lys og ber om at inntrykkene ikke må ødelegge dem.

For alle som er reddet og får hjelp til kropp og sjel,  
tenner vi et lys  
og takker deg, Gud, du hjelpeleses hjelper. Amen.

(Vidar Kristensen (1950 - )

## BRYNE MANNSFORENING AV NMS 45 ÅR

### TEKST: IVAR LYGREN

Foreninga blei stifta 13. januar 1975 etter initiativ av Bjørn Bue. Første møtet var i kjellarstova hos Bjørn på Elisberget. Det var om lag 25 misjonsinteresserte menn som kom saman til dette første møtet. Denne kvelden blei det bestemt at ein på møta skulle gå gjennom Bjørn sitt evangeliseringssopplegg "Nytt liv for alle." Vidare blei det bestemt at foreninga skulle samlast ein gong kvar månad. Møta skulle ein ha i heimane til medlemene, og ein skulle ha enkel matservering. Det blei også valt eit styre: Trond Lye, Olav Selle, Oddvar Steinnes og Gabriel Tengsareid.

Etter kvart stabiliserte medlemstalet seg på 10 – 15. I alle år har me lagt vekt på studium av misjonsstoff og samtale, gáve til NMS, bøn og sosialt samvær rundt eit enkelt måltid. Dei siste åra har me brukte Misjonstidende for studium og samtale.

I fleire år har Mannsforeninga hatt ansvar for den årlege Heilag Tre Kongars-festen på Saron. Dei andre misjonsforeningane på Bryne har hatt ansvar for matserveringa på desse festane.

I dag har Mannsforeninga 9 aktive medlemar. Trivsel

og humør pregar møta. Me er opne for nye, misjonsinteresserte medlemmar, det er berre å ta kontakt. Den viktigaste utfordringa i åra som kjem vil vera rekruttering frå nye generasjoner.

Styret er: Jan Rosland, Tor Aase, Ivar Lygren.



## YNGVAR NILSEN - SOKNEPREST I TIME



**På siste møtet i Bispedømerådet no i april månad vart Yngvar Nilsen tilsett som sokneprest i Time sokn. Helgedagen har teke ein prat med den nytilsette presten – ein blid sørlending!**

TEKST: ARNFINN VIGRESTAD

- *Kva type prest – og menneske er Yngvar Nilsen?*

- Eg er ein utadvendt og blid sørlending med stor sans for humor. Temperament har eg òg, noko eg har lært meg å måtta tøyla i vaksen alder. Vert lett engasjert i ting, glad i song og musikk og går ofte rundt og nynnar og syng utan sjølv å vera klar over det. Dette kan sjølv sagt vera svært så irriterande for dei eg bur saman med, særleg når eg heng fast i same strofe.

Vi er ein typisk ut-på-tur familie. Med fjellsko på føtene og stormkjøkken i sekken, dreg me ofte på toppturar i Bjerkreimsheiane. Så sjølv om eg naturleg nok trivst best ved sjøen, har eg lært å setja pris på fjell, skog og mark. Eg er glad i Gud og menneske og trivst best når eg kan snakka med folk over ein kopp kaffi. Forteljingane om Jesus Kristus rører ved meg på ein slik måte at eg gjerne vil dela dei med andre. Glad i og trivst godt i formidlarrolla!

- *Kva fekk deg til å søkja som sokneprest i Time?*

- Eg har vore prest i snart 15 år, mesteparten av tida som feltprest. Lokalt kyrkjelydsarbeid har eg vore engasjert i, og etter så mange år i Forsvaret, hadde eg hug å gå inn i ei noko breiare presteteneste enn den ein møter i Forsvaret. Eg reknar meg

sjølv som ein allmennpraktiserande prest og ser fram til stillinga som sokneprest i Time. I Time sokn får eg arbeida saman med alle generasjonane, og det skal verta spennande!

- *Du har vore vikar i Time nokre månader no. Korleis har du opplevd møtet med Time og det kyrklelege arbeidet i kommunen?*

- Heldigvis byrja eg i stillinga alt i februar før pandemien sette inn for alvor. Rakk difor å verta kjent med folk i Time både på gudstenester og medarbeidarsamlingar. Dette gav meirsmak. Ikkje minst møtet med ein fantastisk stab på kyrkjekontoret. Eg har gledd meg kvar dag til å gå inn døra i Erlandsbakken 6 på Bryne.

- *Du skal for det meste ha ditt arbeid i Timekyrkja og på Lye. Kva utfordringar ser du i det?*

- Det er tre gudstenestefeirande fellesskap i soknet, inkludert INN-kyrkja på Lye. Fleire kjänner på at dei hører heime på tvers av fellesskapet. Eg opplever at folk flest i Timekyrkja og på Lye vil kvarandre vel, sjølv om dei kan vera usamde. Oppdraget mitt er å vera ein samlande prest – ein trygg og tydeleg hyrde – for dei som ser på meg som deira prest.

### Yngvar Nilsen

Yngvar Nilsen er fødd i mai 1980, yngst av fire brør. Frå Flekkerøya i Kristiansand kommune.

Presteutdanna ved MF i Oslo. Cand theol. i 2005. Tok ein magistergrad i klinisk sjelesorg i 2019.

Har arbeidd mange år som feltprest/major i Forsvaret. Har òg utanlands-erfaring som sjukehusprest på eit amerikansk militærsjukehus.

Gift med Ingunn frå Bjerkreim. Dei har 4 born og bur på Vikeså.

- *Kva visjonar har du for prestetenesta her hos oss?*

- Her treng eg heldigvis ikkje finna opp krutet på nytt. Visjonen som alt finst, er eg hjartans einig i. Eg vil at alle på Lye og i Time skal verta betre kjende med Jesus Kristus.

# HELGEDAGEN FOR 50 ÅR SIDAN



Nr. 7

SEPTEMBER 1970

2. årg.

## *Slekk ikkje ut Anden*

Det kan gå lett og fort å sløkkja Andens eld i hjarta og liv. Er me ikkje på vakt, kan me snart vera mellom dei levande døde kor hellige og åndearvare me eingong var. Guds ånd har lova å føra oss fram i all sanning, også sanninga om oss sjølv. Når så Anden lyser inn i vår natur så me ser det vonde huglaget, den vrangte viljen og dei syndige tankane som vil ta makta, og me då ikkje tek kampen opp mot den indre skaden, så kan me sløkkja ut Anden. Der den indre tukt og rensing sluttar, der misser Guds And fotfeste og kan ikkje få arbeida. Då vert me blinde for eigen dårskap og kan koma så langt inn i mørket at me ikkje ser vår synd antatt i hjarta eller gjerning.

Det er i hjartedjupet grunnlaget må leggast til alt sant kristenliv.

Der må det leggast av Anden som tuktar oss for våre synder og leier oss til rensingskjelda i Davids hus. Men det er her det er så lett for oss å gjera den Heilage Ande sorg og sløkkja det «brudebluss vi bær».

Me kan aldri ropa for høgt til kvarandre om å ta oss i vare her. Alle som med alvor strevar etter eit heilagt liv, veit kor stor denne indre faren er. Lat oss vaka over oss sjølv så me ikkje sløkkjer ut Anden.

☆

En tanke som i hjertet kom,  
og som man litt lot rødde,  
har så titt gjort sjelen tom  
på Guds dyre nåde.

L. H.

## UNGE HEIMAR I TIME

inbry til Unge Heimar-kveld på Kvernelands fabrikk, Øksnevad, torsdag 17. sept. 1970 kl. 20,00.

Sivilingeniør Ottar Birkeli: «Unge Hjem til Soloppgangens land». — Andakt ved kallskap. Gudvangen. Bevertning. — Konkurranse. — Utloftning.

Treng du barnevakt, så ring 82 179!  
Vel møtt! •

## UNGE HEIMAR-ARBEIDET I TIME

er no i gang igjen. Soknerådet har bede sju yngre ektepar på ulike delar av prestegjeldet om å take seg av dette arbeidet. Og dei har sjølve vorte samde om arbeidsoppgåvene. Desse sju er:

Aslaug og Olaf P. Pettersen,  
Kvernaland (form.)  
Anlaug og Jens Hetland,  
Bryne (nestformann)  
Wenche og Harald Paulsen,  
Hognestad (kasserar)  
Erna og Jørgen Stabel,  
Bryne (sekretær)  
Solveig og Andor Sandmark,  
Bryne.  
Rigmor og Magnus Espesvik,  
Kvernaland.  
Aslaug og Noralf Slettebø,  
Undheim.

Til lukke med arbeidet!

Dersom gjenopninga av samfunnet skjer som planlagt frå 15.juni:

## Sommarkveld med Frimenn

Bryne kyrkje mandag 15.juni kl.19.30

«Syng med oss» ved mannskoret Frimenn  
Orgel og musikarar ved organist Per Olav Egeland  
Ord for dagen ved sokneprest Stein Ødegård

Inngangspengar kr.100  
1 meter avstand og maks 150 personar  
Billettar kun på førehand på NMS Gjenbruk Bryne

Arr: Brynekirka i samarbeid med Frimenn



# KRIG OG FRED

## 1940 - 1945 80 - 75 ÅR

*Les overskrifta ein gong til. Det er lenge sidan og me har gløymt. Dei fleste lesarane tenkjer sikkert: det var før mi tid. Men alle har slektingar, vener og sambygdingar i kategorien «før mi tid», som har desse åra som eit mørkt bakteppe den dag i dag.*

TEKST: ELSE-MARIE BUE



Foto: Bjørg Bøhn Rosland

**Kjetil Sikveland Rosland**

### Minnelunden

Helgedagen møter Kjetil Sikveland Rosland, Tarald Oma og Torstein Tunheim ved fellesgrava til fem unge menn i Minnelunden på Time kyrkjegard. Den store gravstøtta fortel ei mørk historie: DESSE VART AVRETTA I TRANDUMSKOGEN 21-5-1942. Første namnet på støtta er Torgeir Sikvaland f. 1913. Under dei fem namna les me: DEI GAV LIVET FOR FEDRELANDET

-Ja, Torgeir var morbror min, seier Kjetil. Han var med på dei tidlege kampane i Dirdal og Gloppefjella. Så blei han del av ein gjeng frå Time og Hå som ville ta seg frå Obrestad til England. Tyskarane snuste opp planane, og ungdomane skulle straffast - dødsdom. Bestefar vart også arrestert. Ved solrenning 21.mai 1942 sto han hjelplaus og såg at Torgeir og kamratane vart førde inn i skogen for å avrettast. Neste stopp for bestefar var Grini. Der var han innesperra til krigens slutt.

- Eg vart fødd fire år etter freden, men forteljinga og minna levde alltid i heimen min. Som liten tok eg det som ei spennande historie, gild å høyra og få repetert. Eg var visst helst litt stolt over ei spesiell forteljing som var vår. Hadde me gjester, var krigen og vår ulukke ofte tema. Hugsar det var skikkeleg dumt å bli sendt til sengs. Me ville høyra alt dei vaksne snakka om, og prøvde å få samtalen med frå «trappakanten». Med åra er alvoret og tragedien blitt meir og meir ein realitet i livet mitt heime på Sikveland. Det er innnevdi i tankane mine dagleg - ja, eg trur det er rett å seia det så sterkt. Besteforeldra mine hadde tre gutter og tre jenter. Torgeir var ikkje første barnet dei mista. Først døydde ein son av lungebetennelse, og så omkom



Foto: Jærbladet

**Torstein Tunheim**

nesten son i skyteulukke i 1934. Då yngstemann, Torgeir, som 29-åring vart skoten, var barneflokken halvert. Tre døtrer var att. Slik vart det mi mor som tok seg av garden vidare, med Rosland som etternamn.

Sola skin, men vinden er kald på kyrkjegården, og underteknna er sett ut av denne historia.

Bestemor - eg skulle så gjerne snakka med henne. Med einaansvar for heim og døtrer, den siste sonen teken av dage og ektemannen i tysk fangenskap. Ho måtte trø vidare i livet dag for dag. Kriseteam og NAV - nei.

- Bestemor, Ellen, var eit handlingens menneske. Eg voks opp med henne. Ho hadde stor evne til å glede seg over alt som var positivt og ikkje brukta tid på det motsette.

### Den store gravferda 8.sept 1945

Torstein Tunheim fortel at ungdomane som vart skotne på Trandum fekk denne fellesgrava 8.september 1945. Med sine 15 år var han ikkje vaksen nok til å vera med til kyrja den dagen. Det var helst vel vaksne menn som kunne gå dit, trur han. I boka, På Kyrkjeveg, kan me lesa om den største gravferda som har vore i Time.



Den store gravferda Foto: På Kyrkjeveg

### Krans i Minnelunden 17.mai

Dei siste to åra har Tarald Oma vore med på kransenedlegginga ved krigsgravene før gudstenesta 17.mai.

- Når du står her med ein stor blomsterkrans, og alt omkring deg er fest og flagg, kva tenkjer du då?

- Eg ser alle namna, unge menn som ikkje hadde gjort noko gale. Dei ville søkja eit betre utgangspunkt i motstands-



Foto: Else-Marie Bue

### Tarald Oma

kampen. Så får livet deira ein brutal slutt. Eg greier nok ikkje fatta kva desse gjekk gjennom før dei døydde, og heller ikkje ringverknadene for familiene. Det er så mørkt, det er så mykje sorg og smerte, slik me har hørt frå Kjetil nå. Og punkt to er tanken på okkupasjonsmakta. Tyskland var stormakta i Europa, på topp både kulturelt, teknologisk og økonomisk. Så brukte dei makta og visdomen i planlegging og teneste for ein ufatteleg og

grenselaus vondskap. Korleis går det an? Det sørgelege er at me kvar einaste dag kan stilla same spørsmålet til situasjonen i verda i dag.

Alle namna her i Minnelunden har sine pårørende. Mange i Time, som les dette, har sine forteljingar, minne og tap frå krigsåra som ennå er sår i hjarte og sinn.

### I mars 1942 stod ei lita jente med fast tak i mor si hand på Bryne stasjon.

- Det er eitt av mine første minne, seier Herborg Nordsletten Kverneland. Me visste at fangetoget skulle passera, og at far var ombord. Då toget stansa, storma tyske soldatar ut for å jaga vekk og spreia folket, me skulle få koma innåt tog-



**Familien Nordsletten. Herborg som jente (til venstre). (Privat foto)**

et. Eg var tre år, og ein tysk soldat var såpass ufin mot mor at ei tysktalande dame snakka til han. Eg kan ikkje minnast at eg såg far, men i tanken ser eg ennå toget kjøra ut frå stasjonen.

Far Ola Nordsletten, Øyvind Grotmol og mange andre lærarar var ombord. Dei nekta å undervisa etter den «europeiske nyordninga» og gå inn i Norges Lærarsamband. Gjennom fysisk vald og psykisk press skulle dei tvingast inn i det nye systemet. Fleire frå vårt område vart først sende til Gjesdal på vedhogst. Der vart Øyvind Grotmol og far arresterte og sette i fengsel i Stavanger. Nå gjekk reisa først

til Grini. Vidare bar det i overfylte kuvogner til Trondheim, og vidare nordover med det like overfylte fangeskipet «MS Skjerstad». I eit forrykande uvêr fylgte dei kysten i 17 døgn til Kirkenes.

At opphaldet i Kirkenes ikkje blei så langt har si historie. Alt i november var Ola Nordsletten heime på Hognestad igjen. Åslaug Rommetveit, som var elev ved gymnasiet, skriv i si dagbok om då han kom inn i skulestova 2. desember 1942.

- Åh, som me hadde sakna den gilde ma'en. Så står han i døra og ser spørjande utover flokken sin.

- Er det dei same ungdomane som eg forlét? Kan me framleis lita på kvarandre i denne vesle flokken? Det var fransktide. Derfor passa det godt at Nordsletten mintest den franske filosofen Pascal:

**Rett utan makt er avmakt.**

**Makt utan rett er tyranni.**

**Derfor må makten og retten forenes  
om retten skal bli mektig  
og makten rettferdig.**

### Krig og Fred 1940 -1945 Fem År

- Ola Nordsletten fekk glede av å vera med då klokkene i Time kyrkje ringde freden inn 8.mai 1945.

På kyrkjegarden sa Tarald Oma at han tenkte på situasjonen i verda i dag. Maktkamp, vanstyre og vondskap driv folk på flukt. Frå liding, kamp og kaos, med draum og håp som bagasje, tek dei sjansen på sitt Obrestad. Medan eg nå skriv dei siste linjene, kimar kyrkjeklokken i Time, akkurat som dei gjorde for 75 år sidan over heile landet. **Det er 8. mai 2020.**

### GUD SIGNE VÅRT DYRE FEDRELAND

PS - og underteikna var på si første store reise våren og sommaren 1940. Som 5-åring hadde eg og min familie adresse hos Berta og Erik Holen på Time, med status: Flyktingar frå Sola. Kuflokken vår fekk beita i utmarka.



**Undheimsfolket samla seg til fredsmarsj om kvelden 8. mai 1945, den dagen 2. verdenskrig var slutt.**  
Foto: Time bibliotek

# NATTVERD-FASTA ER ENDELEG OVER!

**Kristi himmelfartsdag var det felles nattverd-gudsteneste for Bryne og Time i Bryne kyrkje - første gudsteneste sidan mars.**

**TEKST OG FOTO: LIV HELENE HÅLAND**

Grunna smittevern var maks deltakarar 50. For å få romsleg plass til alle, vart frammøtet ordna etter fødselsmånad: Første gudsteneste for dei fødde i januar - april, neste for dei fødde mai - august, og tredje og siste gudsteneste for dei sist fødde i året. Ei grei løysing for å spreia deltakarane.

Me måtte òg registrera oss ved inngangen med namn og telefonnummer - som ein del av smitteverntiltaka.

Stolane var plasserte med korona-avstand, og nattverdutdelinga var for 5 og 5 om gongen. Oblaten vart lagd i nattverdbegeret i staden for i handa vår - og etter å ha teke brødet, fekk me vinen i begeret.

Yngvar Nilsen var prest på denne gudstenesta, og han tykte Jesu ord frå Lukas 22 høvde godt: "Eg har lengta inderleg etter å eta dette påskemåltidet i lag me dykk..." Me har vore nær kvarandre på nye og annleis måtar i det siste, men fint å få møtast i kyrkja igjen. - Og innhaldet er kvalitet, Jesu lekam og blod, sa presten.

Saknet etter gudsteneste-fellesskapet skjønar me har vore stort - hos mange. Sjølv om kreative, digitale løysingar har vore kjærkomne, så var det uendeleg godt å igjen få vera fysisk til stades på gudsteneste att!



**Klokkar Oline Høie Hetland og prest Yngvar Nilsen klare for gudsteneste nr 2**



**Nesten som "innskriving i manntalet"**



**Romsleg mellom stolane**



*Spreidd forsamling, berre ekte-par sit nær kvarandre*



*Vikar-organist Jon Torger H. Salte ved flygelet*



*Glede over drøs på kyrkjebakken - igjen*

# KORONA-KIKHÒL

## Basaren som blei avlyst, men ikkje avblåst!

TEKST OG FOTO: LILLIAN HJØRNEVIK

Datoen var 21. mars. NMS foreninga på Lyefjell hadde førebudd seg i lang tid. Gevinstar til hovudtrekninga var klare, gevinstar til lynutlodning var samla og lynloddar var bretta - fleire tusen i talet. Me hadde talar som skulle ha misjonsandakt, Lye barnegospel skulle synga, og nokre elevar frå Time kulturskule var òg klare til å gjera basarprogrammet fint og variert. Men så kom Korona og alt stoppa opp. Kva gjekk me glipp av?



Me gjekk glipp av opplevinga av å koma inn på Lye forsamlingshus og sjå fint pynta bord, basargevinstane utstilte - og ikkje minst den fargerike utstillinga av lynloddgevinstar med innslag av blomster og fruktkorger. Me gjekk glipp av å treffa dei andre, kjende og ukjende. - Alle fulle av spenning og forventning til at dette ville bli gildt!

Me ville ha blitt ønskte varmt velkommen, og Lye barnegospel ville stilt opp med sine songar. Glade born - sikkert i fine klede og fulle av forventning dei òg.

Nokre elevar frå kulturskulen ville ha spelt saman på gitar før me hadde fått misjonsandakt av Anne Grete Hognestad. Me veit ikkje kva ho ville sagt, men kan henda noko om kor viktig det er at alle rundt om i verda får høyra om Jesus. Han som kan frelsa oss frå all synd, og som vil gå saman med oss i kvarldagen og letta børne for oss. Kan henda ville ho òg fortalt om etiopiske Mesvin som fekk høyra i eit syn, tre netter på rad, at «I Jesus finner du fred». Eller om Samba fra Mali som fekk eit nytt liv etter at han fekk høyra om Jesus. Kan henda ville ho òg fortalt litt om arbeidet som NMS driv i mange land. NMS arbeider for å kjempa mot urettferdighet, dela trua på Jesus og utrydda fattigdom. Dette er det òg at pengane frå basaren vil gå til.

Etter andakta, ville me kan henda sunge sangen om at alle, alle, vil vi ha med - til Himplens lyse land. Dernest eit bordvers - for me er som kjent ikkje dugande til mykje utan mat og drikke. Rundstykke, kaker, lappar, saft og kaffi er derfor alltid gratis på

basaren. Matpausen er god og lang slik at alle får tid til å eta, kjøpa lodd på hovudtrekninga, og ikkje minst kjøpa lynlodd. Borda blir etter kvart fylte med opna lynlodd samt gevinstar. Snart er lynloddgevinstane fordelte ut over alle bord.

Når lynloddar er utselde, for det pleier dei å bli, når maten er eten, og bare litt kaffi er igjen i enkelte koppar, er det tida for hovudtrekninga. Dette går som regel fort og greit, med god hjelp av dei yngste som meir enn gjerne går med gevinstar til vinnarane i salen. Vinnarar som ikkje er til stades får sine gevinstar i etterkant. Før siste gevinst finn sin eigar, blir basaren runda av med takk til alle for oppmøte og bidrag på alle måtar!

Dette er kva som kunne ha skjedd og kva me kan henda har gått glipp av. Men noko står me likevel igjen med;

Me har selt lodd for ca 29.000 - som er på veg til NMS.

Pengane vil gå med til å kjempa mot urettferdighet, dela trua på Jesus og utrydda fattigdom. Alle som har kjøpt lodd har vore med på å bidra til dette!

Hovudtrekninga er avvikla, og alle vinnarane har blitt kontaktata. Nokre gevinstar bar nok preg av at basaren skulle vore rett før påske, men slik blei det nå denne gongen - og påske kan me heldigvis feira kvart år!

Lynutlodninga ligg på vent. Her er det meste klart, og me kan ta den ved eit passande høve når det igjen blir lov å samlast i større flokkar.

Me takkar alle som har kjøpt lodd! Ei stor takk går òg til alle som hadde sagt seg villige til å hjelpe til, men som grunna avlysinga ikkje fekk gjort det likevel! Tusen takk til Vegard Hanssen som hjelpte oss med trekningslista!

NMS-foreninga på Lyefjell



# KONFIRMANT 2021

Enten du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig, er du velkommen til konfirmasjon i kyrkja. I konfirmasjonstida får du læra meir om deg sjølv og om Gud. Du får anledning til å reflektera over nokre av livets små og store spørsmål saman med andre.

Vi snakkar om sorg og glede, tvil og tru.

## KONFIRMASJON – NOKO FOR DEG?

Bli med på ei spennande reise fram til den høgtidelege konfirmasjonsdagen!

Les meir om konfirmasjon i Den norske kyrkja på [kirken.no/konfirmasjon](http://kirken.no/konfirmasjon)

Invitasjon er sendt ut til dei som fyller 14 år i år og som er medlem eller tilhøyrande i Den norske kyrkja. Dåp gjev medlemskap. Tilhøyrande er barn og unge som ikkje er døypte, men har forelder som er medlem i Den norske kyrkja.

Konfirmantar med spesielle behov på grunn av fysisk, psykisk eller sosial funksjonshemmning har krav på spesiell

**Ver med og be for konfirmantane våre:  
Be, så skal de få. Leit, så skal de finna.  
Bank på, så skal det latast opp for dykk.  
For kvar den som bed, han får; og den  
som leitar, han finn, og den som bankar  
på, skal det latast opp for. (Matt 7,7-8)**

tilrettelegging av konfirmasjonstida. Vi lagar opplegget etter behova til den einskilde konfirmant.

Påmelding på [www.timekyrkja.no](http://www.timekyrkja.no)

Konfirmasjonar i 2021:

Lørdag 24. april kl 11.00 og kl 13.00: Bryne  
Søndag 25. april kl 11.00: Bryne kyrkje  
Søndag 2. mai kl 10.30: Undheim kyrkje  
Søndag 9. mai kl 10.30 og kl 12.30: Bryne kyrkje  
Torsdag 13. mai (Kristi himmelfartsdag) kl 10.30 og  
kl 12.30: Time kyrkje

Lurer du på noko?

Ta kontakt med kontakt med kateket Ingfrid Time Nærland, mobil 401 67 222 eller epost [itn@time-kyrkja.no](mailto:itn@time-kyrkja.no)



## KONFIRMASJONANE I 2020

er utsette til hausten

**Det er planlagt at dei skal vera desse datoane:**

### **Bryne kyrkje**

Lørdag 26. september  
Søndag 27. september  
Lørdag 3. oktober

### **Time kyrkje**

Søndag 4. oktober

### **Undheim kyrkje**

Søndag 27. september

 <p><b>Jær Tannlegene</b> Heidi Bøe Honningsvåg Jaertannlegene.no   5148 4800</p>	 <p><b>JÆRPRINT</b> TRYKK &amp; DESIGN</p>	 <p><b>REIME</b> VARMEPUMPER OG SPA www.reimeas.no - Tlf: 51 73 14 22</p>
 <p><b>HOLMANE Bil</b> Tengsareidv 4, 4373 Egersund Tlf. 51 46 19 80 <a href="http://holmanebil.no">http://holmanebil.no</a></p> <p>    </p>	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p> <p><b>EK Glassmesterforretning</b> Einar Knutsen as Postboks 148, 4349 Bryne Tlf. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180</p>	 <p><b>SPAREBANKEN</b> <b>SØR</b></p>
<p><b>REMA 1000</b> Håland 7-23(8-21)</p>	<p><b>Byggelaget</b></p>	 <p><b>EL-TEAM</b> Elektroentrepreneur</p> <p>Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: <a href="mailto:dr@el-team.net">dr@el-team.net</a>, Internett: <a href="http://www.el-team.net">www.el-team.net</a></p>
 <p><b>WACO</b> Forsikringsmegling as</p>	 <p><b>Alt innen datahjelp</b> -hjem på døren til private &amp; bedrift Tlf 51485000 <a href="http://www.datahjelpen.it">www.datahjelpen.it</a></p>	 <p><b>JENS GERLACH</b> <b>SØRENSEN A·S</b></p>
 <p>Vesthagen 9, Håland, 4344 Brune</p>	<p><b>EiendomsMegler</b> ①</p>	 <p><b>Bøgh Hafoø a/s</b> <b>TOYOTA</b> Fossveien 3, 4373 Egersund Tlf. 51461700 <a href="http://www.toyotaegersund.no">www.toyotaegersund.no</a></p>
 <p><b>PRIVATMEGLEREN</b> JAEREN Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • <a href="mailto:jaeren@privatmegleren.no">jaeren@privatmegleren.no</a></p>	 <p><b>BERGENE</b> <b>MASKIN</b> Grødelandsvegen 28 - 4340 Bryne Graving-Transport-Singel-Grus-Solla jord</p> <p>E-post: <a href="mailto:arvid.bergene@bergenemaskin.no">arvid.bergene@bergenemaskin.no</a> Arvid Bergene Org.nr. NO 980 557 901 MVA <a href="http://www.bergenemaskin.no">www.bergenemaskin.no</a> Daglig Leder Mob. 917 30 249</p>	 <p><b>haver</b></p>
 <p><b>TIME ELEKTRO AS</b> når resultatet er viktig Vesthagen 4, 4344 Bryne Tlf. 51 77 15 90</p>		<p>Haver Advokatfirma AS Hetlandsqt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50</p>




# BARNAS SIDE

## Finn 5 feil

Etter at Jesus døydde, gøynde lærersveinane seg. Dei var redd og lei seg. Dei to biletet er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?

Teikning: Claudia Chiaravalotti



## Fargelegg!

Teikning: Claudia Chiaravalotti

Men Jesus sto opp frå dei døde, og viste seg for Tomas og dei andre lærersveinane!



## Finn namn på 10 insekt!

I rutaennetet under har vi gøynt namna på 10 insekt. Namna står bortover og nedover. Klarer du å finne alle saman?

R	E	V	L	I	N	S	N	I	P
G	R	E	S	S	H	O	P	P	E
M	K	P	L	A	U	M	R	L	T
A	E	S	O	T	M	M	A	U	R
R	F	Å	P	R	L	E	T	S	O
I	J	U	P	I	E	R	E	S	V
H	O	M	E	G	S	F	L	U	E
Ø	M	U	M	I	L	U	S	L	L
N	P	I	L	I	O	G	V	P	Ø
E	K	A	K	E	R	L	A	K	K

Gje barnebladet  
**BARNAS** til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene  
er henta  
frå bladet.



Bestill  
abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00

## VITSAR

- Mamma, hugsar du den dyre vasen du var så redd for at skulle bli øydelagt?
- Ja?
- Eh, no treng du ikkje å vere redd for han lenger ...
- Mamma, eg har funne ein falsk hundrelapp!
- Korleis veit du at han er falsk?
- Det er tre nullar i staden for to.



**Bryne**  
Kto. 3325.20.11906



**Vil du ha Misjonstidende MT GRATIS i postkassen?**

Send SMS med **NMS MT** til 2490 eller ring oss på 51 51 61 00.

**VI TRENG FRIVILLIGE.**

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kvart år svarer vi samla kring 200 000 samtaler via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

Å snakke med folk om livet gir meinig.



KIRKENS  
**SOS**



**Evangeliet**  
tilbake til jødene

Den Norske Israelsmisjon  
[www.israelsmisjonen.no](http://www.israelsmisjonen.no)

Vil du at flere jøder skal komme til tro på Jesus? Vipps din gave til 19333

**TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?**

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

KIRKENS  
**SOS**



**NOREA** MEDIEMISJON

**TAKK**  
til deg som

UTRYDDER FATTIGDOM 

DELER TROEN PÅ JESUS 

BEKJEMPER URETTFERDIGHET 

**NMS**

VIPPS: 10932  
SMS: NMS HJEM til 2490 (kr 200)

**SAMMEN FORANDRER VI VERDEN**



**Det er ingen selvfølge at noen ordner bursdagsgave**

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knyter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familiær som sliter med alkohol- og rusproblemer?

Send VIPPS til 13130 (valgfritt beløp)  
Send SMS "BK VENN" til 2210 (kr 100)



# Skaparverket



## Marihøna

TEKST OG FOTO: ROLF HESKESTAD

-Sjå kor fine me er!

Dei fleste veit om marihøna, og mange kjenner seg spesielt knytt til denne vesle billa. Kven har ikkje som barn gleda seg over ei krypande marihøne på handa! Staseleg er ho med sine flotte fargar og prikkar. Den kraftige fargen gjev varsel om gift og fare, og slik har marihøna eit godt vern mot å bli eten av større skapningar. Sjølv er ho ein storetar av bladlus. Slik kan ho gjera stor nytte både i rosebed og i kornåker. Ynskjer du mykje marihøner i hagen, så er det ikkje nok at du har rikeleg med bladlus å by på. Marihøna treng òg pollen, og då føretrekker ho pollen frå skjermplanter som t.d. kvann, skvallerkål(!), dill og kjørvel.

Ein meiner at marihøna er oppkalt etter Jomfru Maria. Ein gong bøndene såg at det var mykje bladlus i kornåkrane, ba dei til Jomfru Maria om hjelp til å berga avlinga. Då dukka det opp store mengder av ei lita bille som åt bladlus med god appetitt!


I Norge finns det 55 marihønearter - i heile verda over 5000! Bilete syner arten sjuprikka marihøne.

## Det litt muntre hjørnet:

G	E	T	S	E	M	A	N	E	S
A	K	R	O	B	A	T	A	N	E
M	S	U	V	A	R	T	T	T	T
M	O	S	E	S	A	L	T	A	R
E	D	F	A	S	T	E	V	L	A
B	U	R	L	E	A	V	E	A	R
A	S	I	K	T	B	A	R	R	E
R	A	D	O	N	U	N	D	E	R
S	T	O	V	A	I	D	E	A	L
K	O	M	E	D	I	E	N	L	E

Løsing Helge-kryssord - 2/20

## HelgeKryssord - 3/20 (av Gabriel Tengsareid)



Nokre smågutar i Årdal hadde fått tak i noko minekrut og ville laga salutt. Alt gjekk bra. Den eine etter den andre fekk brenna av eit skot. Men Lars var uheldig. Då skotet hans gjekk av, fekk han litt av krutspruten i andletet. – Å hjelpe meg, eg skaut meg. Lev'eg?

(Frå Folk é løgne 1950 s.89. Med løyve frå Stavanger Aftenblad)

### Vassrett

1. Song av Anders Hovden
8. Då Den Heilage Ande kom til disiplane
9. Hylster
11. Marknad
12. Tvinga
13. Kommune
14. Merke for el-verktøy
15. Spott
17. Preposisjon
19. Konjunksjon
20. Kvinnenamn
21. Elv (omv.)
22. Tre
23. Grend i Bjerkreim
24. Salslag
25. Nøste
26. Drikk
28. Jammer
30. Skapningen som gjer ugagn
33. Telje
34. Øy

### Loddrett

1. Materiell til bruk for å laga bilette
2. Læresveinen
3. Sjalte
4. Giftig plante
5. Nabobokstavar
6. Intervall (mus.)
7. Skipslei i Nordland
9. Ypparleg
10. Lengdemål
16. Kiosk
18. Sløve
19. Gjevar
27. Ikke heime
29. Blad for kvinner
31. Røys
32. Annektera

## Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,

kto.nr. 3325.25.07057

Trusopplæringa i Time

kto.nr. 3325.39.13407

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste

ungdomsarbeidar, Undheim

kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kyrkje - gåver

kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,

kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad

kto.nr. 3325.25.09270

Barne- og ungdomsarbeidar på Lye

kto.nr. 3290.58.78041

Stikk innom vår heimeside

<http://www.time-kyrkja.no>

**JÆREN MISJONSRADIO**

Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærø, Tlf.: 51 43 32 22

**Sender på**  
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9  
[www.jmradio.no](http://www.jmradio.no)

**Sendetider**

- Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
- Tirsdag: 08.30 - 09.00
- Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00  
19.30 - 21.00
- Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
- Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

**Jesus Kristus**  
er i går og i dag  
den samme, ja  
til evig tid.  
Hebr. 13,8.

**Vil du gi en gave til Normisjon?**

**Kontonr: 1503.02.13537**

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

[www.normisjon.no](http://www.normisjon.no)



### Miljø, møteplass og misjon

<b>FRETEX butikk Bryne</b>  Parken senter Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata Opningstider: måndag stengt. tysdag-fredag 12.00 – 16.00 laurdag 11.00 – 15.00 Opningstidene kan bli endra på grunn av koronapandemien	<b>NMS Gjenbruk Bryne</b>  Parken senter Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata Opningstider: måndag-fredag 12.00 – 16.00 laurdag 11.00 – 15.00 Opningstidene kan bli endra på grunn av koronapandemien
Vi tar imot og sel: Kledde, kjøkkenutstyr, måleri, bøker, pyntegenstandar, hagereiskapar og anna. Telefon 922 09 638	Vi tar imot og sel: Møbler, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leikar, pyntegenstandar, hagereiskapar og anna. Vi tar også imot stumpar av stearinlys Telefon 400 37 151



## DØYPTE

### BRYNE Kyrkje

08.03.2020: Amanda Efteland, Victor Wetteland  
18.03.2020: Steffen Pedersen Bollestad  
05.04.2020: Martin Kalberg Heskstad, Erle Jaarvik Reiestad  
03.05.2020: Sem Ulrik Ueland, Oliver Reiten Undheim

### TIME Kyrkje

08.03.2020: Marie Vinjerud Birkeli, Halvar Håland Garpestad  
21.03.2020: Jørgen Kvingedal Fløtre  
22.03.2020: Tilja Skaaland Undheim

### UNDHEIM Kyrkje

15.03.2020: Silas Fiskebekk, Benedicte Knutsen  
26.04.2020: Oda Undheim

### BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

08.03.2020: Emmi Sofia Siqveland (Førde kyrkje)



## VIGDE

### TIME Kyrkje

28.02.2020: Hanna Dybing og Robert Lima Espeland  
21.03.2020: Ingvil Dagestad Undheim og Gunnar Nord-Varhaug



## DØDE

Augusta Pedersen, Kjell Fjelde, Svein Helge Sølyst, Mildrid Undheim, Kåre Kartevoll, Kari Puntervoll, Bjørg Sandvik, Malena Martha Stensland, Kari Lagestrand, Åsa Emberland, Margot Brueland, Arnfinn Hermund Eik, Ingfrid Zachariassen, Odd Bjørn Taule, Olaf Kramer, Jan Bergene, Rønnaug Lemvik, Karl Hagen, Tor Berge Undheim

### Nye rutinar i samband med bestilling av dåp

Frå 01.01.2020 må alle som bestiller dåp av barn i Time, Bryne eller Undheim kyrkje, framvise kopi av fødselsattest og skjema om godkjent namneval frå Folkeregisteret.

Ta kontakt med Inger-Kathrine Kjølleberg v/ Time kyrkjecontor (51770377) dersom det skulle vere spørsmål knytt til dette.



### Støttegrupper Kyrkja sitt tilbod til etterlatte

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine nærmeste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på: [diakon@time-kyrkja.no](mailto:diakon@time-kyrkja.no) eller ring kyrkjecontoret på tlf. 51 77 03 77

**KROGEDAL**  
begravelsesbyrå

51 97 29 00

DØGNAKT



VI HAR OGSÅ  
GRAVSTEINAVDELING  
[www.krogdal.no](http://www.krogdal.no)

3. GENERASJON BEDEMANN  
Arild Aase  
*Aase*  
Begravelsesbyrå  
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102  
24 TIMERS VAKTTELEFON

### Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)  
tlf. 911 57 105

Sokneprest May Brit Merland Arnø  
tlf. 467 94 518

Diakon Praxedes Slettebø  
tlf. 48 89 69 19



Velkomen til  
**gudsteneste**

**Skyss til  
gudstenesta**

**BRYNE KYRKJE:**  
Sverre M. Lima 51 48 21 33  
Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00



**GOD SOMMAR**

FULLDISTRIBUSJON

## **Gudstenesteliste**

### **Sundag 21. juni**

Lye forsamlingshus 10:30  
Undheim kyrkje 10:30  
Bryne kyrkje 10:30

### **Sundag 28. juni**

Time kyrkje 11:00

### **Sundag 5. juli**

Bryne kyrkje 10:30

### **Sundag 12. juli**

Undheim kyrkje 10:30

### **Sundag 19. juli**

Bryne kyrkje 10:30

### **Sundag 26. juli**

Time kyrkje 10:30

### **Sundag 2. august**

Bryne kyrkje 10:30

### **Sundag 9. august**

Time kyrkje 10:30

### **Sundag 16. august**

Lye forsamlingshus 10:30  
Undheim kyrkje 10:30  
Bryne kyrkje 11:00

### **Sundag 23. august**

Bryne kyrkje 11:00  
Time kyrkje 11:00

Bryne kyrkje 19:00

### **Sundag 30. august**

Lye forsamlingshus 10:30  
Undheim kyrkje 10:30  
Bryne kyrkje 18:00

### **Sundag 6. sep.**

Bryne kyrkje 11:00

Time kyrkje 11:00

### **Sundag 13. sep.**

Undheim kyrkje 10:30

Lye forsamlingshus 10:30  
Bryne kyrkje 11:00

### **Laurdag 19. sep.**

Time kyrkje 15:15

### **Sundag 20. sep.**

Bryne kyrkje 11:00  
Time kyrkje 11:00

### **Laurdag 26. sep.**

Bryne kyrkje 11:00  
Bryne kyrkje 13:00

### **Sundag 27. sep.**

Lye forsamlingshus 10:30  
Undheim kyrkje 10:30  
Bryne kyrkje 11:00  
Bryne kyrkje 19:00

### **3. sundag i treeiningstida Luk 14,15-24**

Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Sundagsskule

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

### **4. sundag i treeiningstida 1 Kor 9,24-27**

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

### **5. sundag i treeiningstida Matt 7,15-20**

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

**Aposteldagen Luk 5,1-11**

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

### **7. sundag i treeiningstida Luk 15,1-10**

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

### **8. sundag i treeiningstida Matt 6,19-24**

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

### **9. sundag i treeiningstida Rom 8,31-39**

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

### **10. sundag i treeiningstida Luk 5,27-32**

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

### **11. sundag i treeiningstida Matt 23,37-39**

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

### **12. sundag i treeiningstida Matt 6,24-34**

Familiefokus. Nattverd

Gudsteneste. Sundagsskule. Konfirmant-presentasjon.

Innsetting av Yngvar Nilsen

Kveldsgudsteneste. Nattverd

### **13. sundag i treeiningstida Matt 25,14-30**

Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule

Gudsteneste. Konfirmant-presentasjon.

Gudsteneste. Nattverd. Avskjed K.B. Tjemsland

### **Vingardssundag Matt 20,1-16**

Gudsteneste. Dåp. Konfirmant-presentasjon.

Sundagsskule

Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule

### **15. sundag i treeiningstida Fil 1,9-11**

Familiegudsteneste. Dåp. Hausttakkefest.

CD til 2-åringane. Barnehagen deltek

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

Gudsteneste. Dåp. Konfirmant-presentasjon.

Sundagsskule

### **Laurd. e. 15. s. i treeiningst. Matt 5,38-48**

Dåpsgudsteneste

### **16. sundag i treeiningstida Mark 7,31-37**

Familiefokus. Hausttakkefest. Misjonstivoli

Gudsteneste. Hausttakkefest

### **Laurd. e. 16. s. i treeiningst. Mark 7,31-37**

Konfirmasjonsgudsteneste

Konfirmasjonsgudsteneste

### **17. sundag i treeiningstida Joh 11,17-46**

Gudsteneste. Dåp

Konfirmasjonsgudsteneste Sundagsskule

Konfirmasjonsgudsteneste

Kveldsgudsteneste. Nattverd